

HUGIN utforskar havdjupe

Den autonome undervassfarkosten HUGIN gir oss viktig informasjon om forhold under havflata eller på havbotnen. Denne teknologien har mykje å seie for å sikre ei berekraftig og trygg utnytting av naturressursar og operasjonar i havet

Frimerke med oransje undervannsfarkost

Illustratør: Enzo Finger

God informasjon om forholda under havflata er viktig for blant anna offshore-verksemd, marin forskning, søk etter vrak og dumpa avfall, røyrenspeksjon og søk etter sjøminer.

For å møte desse behova har Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Sjøforsvaret og Kongsberg Maritime utvikla HUGIN, ein autonom undervassfarkost. Autonome undervassfarkostar er ubemanna farkostar eller undervassrobotar som opererer på eiga hand, utan fysisk samband til eit moderfartøy.

Samarbeidet har resultert i denne svært avanserte undervassfarkosten som kan dykke 6000 meter og operere heilt på eigenhand.

HUGIN kan sjølv tilpasse operasjonsmønsteret sitt for å oppfylle oppdraga best mogleg. Dette gjer han ved å tolke data frå ulike påmonterte sensorar. Denne kunnskapen blir brukt til å analysere situasjonen rundt, planleggje og utføre handlingar.

Nyskapande teknologi

Kongsberg Maritime starta utviklinga av den første autonome undervassfarkosten allereie på 1980-talet og tidleg på 1990-talet starta utviklinga av HUGIN. Utviklinga av farkosten var frå oppstarten eit samarbeidsprosjekt mellom FFI, Statoil, Norsk Undervannsintervensjon og Kongsberg Maritime.

HUGIN har vorte ein eksportsuksess dei siste åra.

Kjelder

- FFI.no
- Kyst.no
- Teknisk ukeblad
- www.kongsberg.com

Publisert 29. sep. 2021 | Oppdatert 3. okt. 2024

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 14. mai 2025, kl. 20.24 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.